

Program Vaksdal Senterparti 2023-2027

Senterpartiet sitt verdigrunnlag

Senterpartiet vil byggja samfunnet nedanfrå. Me vil ha eit samfunn med frie, sjølvstendige menneske som med tru på eigne evner tek ansvar for sitt eige liv, for fellesskapet og natur og miljø. Partiet sitt menneskesyn har utspring i det kristne verdigrunnlaget og humanistiske verdiar i pakt med dette. Kvart menneske er unikt og uerstatteleg, og respekten for menneskeverdet er overordna andre verdiar. Eit levande folkestyre og gode lokalsamfunn skal gjera folk trygge og styrka tilhørslse og identitet.



Oppvekst

Vaksdal kommune har dei siste åra satsa på nærskular og barnehagar i bygdene. Eit godt skule- og barnehagetilbod i nærmiljøet er viktig for at borna skal ha kort og trygg skuleveg, og for at foreldra skal få dagane til å gå i hop. Det skal vera tenlege opningstider ved barnehagane og Sfo. Alle born i Vaksdal skal ha ein trygg og god skulegong, og skulane skal få støtta til å halda fram med systematisk arbeid mot mobbing. Born og unge som opplever utfordringar skal vera trygge på at dei får den

støtta og hjelpa dei har behov for. Skulane skal ha tilstrekkeleg bemanning med god og rett kompetanse, både lærarar og pedagogiske assistentar. Me vil difor arbeida for at tilsette i skulen får ta nødvendig kompetanseheving.

Born og unge i Vaksdal kommune skal ha ein trygg oppvekst. Dei skal få den hjelpa og støtta dei treng utifrå egne føresetnader. Born som treng ekstra støtte i undervisningssituasjonen treng ofte også oppfølging på SFO, Vaksdal Senterparti vil arbeida for å styrka bemanninga i SFO-tida ved særskilte behov.

Barnevern og PPT må ha gode rammer for å kunna hjelpa dei som treng det når dei treng det. Barnevernet er no slått saman med Osterøy og Modalen til Sørfjorden barnevern. Det vert rapportert om ein lovande start på samarbeidet, og det vert viktig å halda fokus på god kvalitet i tenesta og openheit framover.

I inneverande periode har me sett igong eit forsøk med gratis skulemat på ungdomsskulane, og me vonar dette kan vidareførast også etter prøveperioden.

Dale barnehage har i dag tilbod om fullkost til borna som går der. Vaksdal Senterparti vil løfta fram og støtta dette initiativet. Me vil arbeida for at fleire born i Vaksdal får ta del i eit slikt tilbod. Felles måltid der ein vert servert det same gjev ei god oppleving og utjamnar forskjellar.

Prosessen med ny barnehage på Dale skal halda fram slik at den kan bli tatt i bruk iløpet av perioden.

Helse

Gjennom heile livet spelar tenester innan helse og omsorg ei viktig rolle. Senterpartiet ynskjer å bidra til eit velfungerande og heilskapleg helsetilbod til innbyggjarane i alle fasar av livet. Dette inneber å sikra gode tenester og oppfølging uansett behov, anten det er knytt til dagtilbod, legetilbod, rehabiliteringstenester, tilbod innan psykisk helse og rusomsorg eller tenester til menneske med nedsett funksjonsevne med meir.

Vaksdal Senterparti vil arbeida for at våre eldre får eit godt og tilpassa tilbod. Tenestene innan eldreomsorga må rustast for framtida slik at me kan gje våre innbyggjarar tenester med høg kvalitet. Senterpartiet opnar for å samla institusjonsplassar på Vaksdal og ei utvikling med fleire heildøgns omsorgsplassar på Dale dersom det er ein modell som sikrar gode og stabile tenester til innbyggjarane. Vaksdal Senterparti vil vidareutvikla Helsehuset på Dale. Legekontoret har ikkje tenleg og nok areal i dag, og me ynskjer å vurdera ei løysing med samlokalisering av fleire helsetenester i tillegg til fleire heildøgns-plassar på

Daletunet. Ei eventuell samlokalisering av sjukeheimsplassar krev ei skyssordning for pårørande.

Heimetenesta med praktisk bistand og heimesjukepleie skal sikrast gode arbeidsvilkår og gode rammer slik at dei som mottar hjelp kjenner seg godt varetatt. Senterpartiet meiner at heimetenester må vera likt tilgjengeleg i alle delar av kommunen.

Me er ein langstrakt kommune med svært ulike køyreforhold. Tenleg utstyr når det kjem til bilar og teknisk utstyr til bruk i tenesta skal prioriterast.

Det skal kjennast trygt å stifte familie i Vaksdal, og ein skal vera sikra god oppfølging etter fødsel. Vaksdal Senterparti vil difor sikra jordmortenesta og helsestasjonen si oppfølging av gravide og den nye familien.

Digitalisering, innovasjon og samfunn

Vaksdal kommune skal vera ein trygg kommune når det kjem til informasjonssikkerheit og personvern. IKTNordhordland er ein viktig og kvalitetssterk organisasjon som tryggar den digitale utviklinga i Vaksdal kommune.

Investeringane i nye bygg dei siste åra må forvaltast godt. Det må utarbeidast gode planar for vedlikehald slik at bygga får lengst mogeleg levetid. Me vil sikra at kommunen har nok ressursar til å drifta, reinhalda og vedlikehalda bygningsmassen som no er i bruk.

Vaksdal Senterparti vil støtta opp om det gode arbeidet som vert gjort innan planarbeid i Vaksdal. Det vert viktig å rullera kommuneplanen sin arealdel i neste periode, etter at samfunnsdelen no er rullert.

Godt utbygd infrastruktur i heile kommunen er viktig både for næringslivet og for folketalsvekst. Mange har fått ein ny arbeidskvardag, som opnar for heimekontor. Nærleik til arbeidsplassen er ikkje like viktig som før, og fleire ser mogelegheiter utanfor byane. Senterpartiet har arbeidd for breibandsutbygging i alle grendene i Vaksdal. Mykje er gjort, noko står att. Senterpartiet skal jobba vidare for full breibands- og mobildekning i kommunen.

Hus treng folk. Vaksdal Senterparti meiner det er viktig at det bur folk i bustadhus også i dei mindre bygdene i kommunen. Hyttefolket er hjarteleg velkomne i Vaksdal, dei bidreg positivt i bygdene. I enkelte bygder hindrar husmangel tilflytting. Vaksdal Senterparti vil arbeida for at det skal bu folk i bustadhus, og at hytter skal vera for ferierande. Bu- og driveplikt skal handhevast. Det må vera mogeleg å bygga nye hus på gardsbruk for å sikra vidare drift.

Stimuleringstilskot til ungdom og til nybygg skal vidareførast. Senterpartiet meiner at det også i neste periode er behov for eit stort fokus på folketalsutvikling, og vil halda fram det gode arbeidet på dette feltet.

Vaksdal kommune skal halda fram med å busetta flyktningar og arbeida for at dei trivst og finn seg til rette i kommunen.

Når omgjevnadane våre er fine tar me betre vare på dei. Vaksdal Senterparti merkar seg det gode arbeidet som vert gjort på grøntområda og på gravplassane som kommunen har ansvar for. Her har det dei siste åra vore ei svært god utvikling som må halda fram.

Vaksdal kommune skal vera ein god, attraktiv og føreseieleg arbeidsgjevar. Senterpartiet vil arbeida vidare for heiltidskultur i våre einingar, og leggja til rette for eit godt samarbeid mellom tillitsvalde, administrasjon og politisk nivå.

Berekraft og klima

I ei verd der klimautfordringane stadig vert større må alle ta grep for å få ned forbruk og leva meir klimanvenleg, samt hindra nedbygging av matjord. Vaksdal kommune skal ha berekraft- og klimaperspektivet med i alt sitt planverk. Senterpartiet vil samarbeida breidt for gode løysingar for sårbare flaum- og rasutsette punkt i vår kommune.

Mange nytta høvet til å søke det kommunale ENØK-fondet om midlar i 2023. Vaksdal Senterparti vil halda fram med å stimulera innbyggjarane til energisparande tiltak.

Kyrkja

Senterpartiet vil støtta opp om ei open folkekyrkje i Vaksdal med lågterskeltilbod til innbyggjarane. Me har sju kyrkjer i bygdene våre som innbyggjarane er knytt til og verdset både som religiøse bygg og som historiske bygningar og samlingsstadar. Dei er tenlege konsertlokale og rommar aktivitet for born, unge og vaksne i alle aldrar. Senterpartiet står opp om tenleg og framtidsretta bruk av kyrkjene i Vaksdal, og ser initiativet om Dale kulturkyrkje som ei spanande nyskaping. Ein plan for naudsynt vedlikehald av kyrkjebygga må fylgjast opp. Me har i inneverande år styrka budsjettet til Kyrkjeleg Fellesråd, og me vil arbeida for god dialog mellom kommunen og Kyrkjeleg Fellesråd, og tilstrekkelege budsjетtrammer i neste periode.

Kultur og frivillighet

Vaksdal kommune er ein kulturkommune. Me har lange tradisjonar knytt til kulturskule, korps og kor. Dei lokale folketonane styrkar identiteten vår. For Senterpartiet er det viktig å stimulera nye generasjonar til å vera aktive i musikk- og kulturlivet – på deira eigne premissar. Me vil stø opp om ei vidareutvikling av Vaksdal kulturskule som gjer han attraktiv for born og unge framover. Å læra å uttrykka seg kunstnarleg frå ein er ung har ein eigenverdi – og om tilhøva ligg til rette kan ein også utvikla nye generasjonar profesjonelle utøvarar og kunstnarar, slik Vaksdal kommune har lang tradisjon for.

Senterpartiet vil halda fram løyvingane til kulturmidlar for born og unge for å sikre alle born i Vaksdal tilgong på ulike aktivitetar. Friplassar i kulturskulen skal vidareførast som eit utjamnande tiltak. For Vaksdal Senterparti er det ei målsetting å seinka semesteravgifta i kulturskulen. Me vil arbeida for at kulturskulen skal tilby desentralisert undervisning.

Senterpartiet vil støtta opp om det viktige og samlande arbeidet ungdomsrådet gjer ved å vidareføra øyremerkta midlar til rådet. Ungdomsklubbane skal ha tilgong til tenlege lokale og kunna avvikle aktivitetar i trygge omgjevnader.

Det er positivt at Vaksdal Frivilligsentral spreier aktivitet i fleire bygder. Senterpartiet vil sikra at frivilligkoordinator har gode nok rammer til å utøva arbeidet sitt med å stimulera til og koordinera frivillig innsats i heile kommunen.

Vaksdal kommune skal vera ein god samarbeidspartnar for frivillige lag og organisasjonar.

Allemed-dugnaden sette fokus på lågterskel deltaking og utjamnande tiltak mellom born og unge. Mellom anna har idrettslaga gjort ein god jobb for å inkludera alle. Me vil at Vaksdal kommune skal samarbeida tett med Vaksdal idrettsråd og Vaksdal musikkråd framover for å sikra fokus på lågterskeltilbod og deltaking for alle.

I inneverande periode sørga me for at kommunale lokale kan leigast gratis til aktivitet for born, unge, pensjonistar og menneske med nedsett funksjonsevne. Dette vil me vidareføra.

Å ta vare på lokal kultur og kulturminne er viktig for å vidareformidla identitet og historie i bygdene våre. Vaksdal Senterparti ser verdien av å realisera opplevingssenteret på Vaksdal, ivareta Messo og landskapsmuseet på Straume med meir.

Samferdsle

Ny E16 og Vossebane Arna-Stanghelle vil ha store ringverknadar for Vaksdal kommune. Senterpartiet vil arbeida for å sikra framdrift i prosjektet, og for gode løysingar for innbyggjarane i byggeperioden. Senterpartiet vil arbeida for framdrift i planleggingsarbeidet vidare til Voss. Planlegginga må starta snarast!

Vaksdal kommune har lange strekker med fylkesveg som og fungerer som viktige omkjøringsvegar. På store delar av desse strekkene er standaren låg. I 2021 vart det lagt nytt dekke på delar av fv 569, og dette var eit stort løft for vegen. Likevel begrensar vegstandarden næringsutvikling og busetnad i indre strok av Vaksdal. Senterpartiet vil halda fram arbeidet opp imot fylkeskommunen for å sikra midlar til vidare utbetringar, fjellsikring og møteplassar med meir på alle fylkesvegane våre.

Vaksdal Senterparti vil halda fram arbeidet med asfaltering, sikring og utbetring av kommunale vegar.

Senterpartiet vil arbeida for tilpassa transport for born/unge og eldre og lågare prisar for å reisa kollektivt.

Næringsutvikling

Trygge arbeidsplassar er sjølve fundamentet for livskraftig utvikling og busetting! Senterpartiet vil leggja til rette for eit rikt og blømande næringsliv i heile Vaksdal kommune. Kommunen skal vera ein pådrivar for tilrettelegging av nye næringar og verksemder, og for at eksisterande verksemder skal veksa. Næringsutvikling er ein kontinuerleg prosess som kommunen med sitt tiltaksapparat, administrasjon og politisk styring må ta aktivt del i. Kulturbasert næringsliv/turisme er eit satsingsområde som me vil støtta. Eit auka tilbod vil koma både innbyggjarar og tilreisande til gode.

Vaksdal Næringssselskap har vore gjennom ei omstrukturering i inneverande periode. Næringssselskapet skal ha rolla som ein aktiv og nærverande næringsutviklar i Vaksdal kommune framover.

I 2022 vart landbruksfondet slått saman med næringsfondet og landbruk er sidestilt med all anna næring. Det nye næringsfondet er tilført kapital, slik at kommunen kan vera ein aktiv støttespelar til næringslivet. Senterpartiet vil halda fram med løyvingane til næringsfondet for å styrka bedrifter og primærnæring, som i sin tur fremjar folketalsvekst.



Helsing frå ordførar

I perioden 2019-2023 har Vaksdal kommune vore gjennom ei stor utvikling. Med prioritering i Nasjonal Transportplan då den vart handsama i 2021 rykka me brått nærare realisering av K5-prosjektet. Arbeidet med å sikra oppstart skal me halda fram med til fjell faktisk vert sprengt.

Koronapandemien vart løyst i godt samarbeid med nabokommunar og, ikkje minst, ved hjelp av ekstraordinær innsats frå alle tilsette. I desse åra tok me store steg og utvikla oss enormt som organisasjon. TAKK!

I 2022 kom dei første flyktningane frå Ukraina, og Vaksdal kommune får igjen vera vertskap for flyktningar frå ulike land. Her har tenestene våre, innbyggjarar og organisasjonar gjort eit stort arbeid for å ta imot mange på kort varsel.

Nye skular på Dale og Vaksdal, samt oppveksttun på Stamnes og i Eksingedalen har blitt opna. Samstundes går fødselstala ned, og me har arbeidd med målretta tiltak for å stabilisera og auka folketalet. Nettsida Mitt Vaksdal, ny instagramsatsing med meir, skal synleggjera attraktive Vaksdal. Ny strategisk næringsplan set retning for åra framover. Samstundes har Bygdeutviklingsutvalet delt ut ein halv million årleg til triveselstiltak i bygdene. Landbruksfond og næringsfond er slått saman til eit søkbart fond for alle næringsdrivande i kommunen. Mykje godt arbeid er gjort, meir er det planar om, og eg er ikkje i tvil om at dei neste fire åra vert spanande og avgjerande for utviklinga av Vaksdal kommune. Eg takkar for tilliten og alt godt samarbeid tverrpolitisk, med administrasjonen og ikkje minst innbyggjarane i fire år. Får eg fornøya tillit er eg meir enn klar til å arbeida og samarbeida til beste for heile Vaksdal i fire nye år.

Som medlem er du med på å bestemma politikken vår. Vil du vera med på laget? Send SMS med kodeord SP til 2360

Vaksdal Senterparti si valliste

- 1. Hege Eide Vik, 1980, Stamnes**
- 2. Inger-Helene Nummmedal, 1980, Dale**
3. Ivar Rødland Bergo, 1977, Eksingedalen
4. Kjetil Rødland, 1967, Bergsdalen
5. Trine Helle Simmenes, 1973, Helle
6. Arnstein Langhelle, 1956, Vaksdal
7. Appia Paul Mkoba, 1969, Stamnes
8. Ole Jakob Nese, 1979, Eksingedalen
9. Karin Nordheim, 1967, Eidsland
10. Magnar Nese, 1962, Eksingedalen
11. Unn Evelyn Gullbrå, 1964, Eksingedalen
12. Hanna Erdal, 1981, Vaksdal
13. Anna Sveinungsdotter Bergo, 1992, Eksingedalen
14. Åsne Tesdal Rødland, 1991, Bergsdalen
15. Anne Hilde Fosse Osvold, 1969, Bergsdalen
16. Evelyn Eide Lode, 1959, Eidsland
17. Caroline Myster, 1984, Eidsland
18. Kari Brørvik, 1964, Eksingedalen
19. Silje Einelund, 1984, Stamnes
20. Sigmund Simmenes, 1945, Stamnes